

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 17.01.2020
SAKSHANDSAMAR: Lena Forgaard
SAKA GJELD: **Helse Vest RHF oppdragsdokument 2020**

ARKIVSAK: 2020/8587
STYRESAK: **010/20**

STYREMØTE: **05.02. 2020**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet for 2020 til etterretning.

Oppsummering

Tysdag 14. januar 2020 presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sitt styringsbudskaap, politiske mål og forventningar til helseregionane. Styringskrav og forventningar blei presentert i føretaksmøte, oppdragsdokument og i statsråden sin «sjukehustale».

Fakta

Gjennom oppdragsdokumentet stiller Helse- og omsorgsdepartementet til disposisjon dei midlane som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for 2020. Helse Vest RHF skal utføre pålagde oppgåver og gjennomføre styringskrava innanfor dei rammene som er gitt, og dei ressursane som blir stilt til rådvelde i dokumentet.

Oppdragsdokumentet er ein del av ein heilskapleg helsepolitikk. Saman med protokollen frå føretaksmøtet, er dette dei to formelle styringsverkemidla departementet rår over ovanfor dei regionale helseføretaka utover lov og forskrift.

Helse- og omsorgsdepartementets oppdragsdokument til dei regionale helseføretaka blir gitt ut normalt sett ein gong per år, like etter at avgjerda om statsbudsjett for året ligg føre i Stortinget. Oppdragsdokumenta inneheld krav frå Helse- og omsorgsdepartementet om kva oppgåver som skal utførast gjennom året, og kva krav som blir stilt til dei regionale helseføretaka.

Som i 2019 er oppdragsdokumentet samla om tre overordna styringsmål, med tilhøyrande mål, andre oppgåver og utgreiingsoppdrag som skal løysast. Dei tre overordna styringsmåla er:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasientsikkerheit

I tillegg skal Helse Vest RHF gjennomføre oppgåver knytt til [Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023](#).

Kommentarar

I forkant av felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka haldt statsråden sin sjukehustale i Rikshospitalets Store auditorium. I talen blei styringsbudskaap og forventningar til spesialisthelsetenesta presentert.

Regjeringa vil skape pasienten si helseteneste, og er oppteken av at kvar enkelt pasient i møte med spesialisthelsetenesta skal oppleve respekt og openheit, og medverknad i val av eiga behandling og korleis ho skal gjennomførast.

Vedlegg:

1. Oppdragsdokument 2020 til Helse Vest RHF
2. Sjukehusstalen 2020